

LOV OG EVANGELIUM

Gitt ut av Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Nr. 10

15. desember 1981

17. årgang

Dykk er idag ein frelsar fødd, han er Kristus Herren

I qårdsdagens avis las eg at Englands prins og prinsesse ventar seg eit barn i juni måned, og denne bodskapen utløyste stor glede i folket, og forskarane var i terd med å rekna ut prosenten av engelsk og utenlandsk slektskap hjå den komande tronarving.

Men større bodskap lydde då englane kom med bod til hyrdane på Betlehems-marka: **Dykk er idag ein frelsar fødd.** Englane kom til Josef med bod om at Maria skal få ein son, og du skal kalla han Jesus, for han skal frelsa folket sitt frå syndene deira, og nå kom englane med bod om at han var fødd, og at han var Kristus Herren. Det står at hyrdingane blei glade då dei såg barnet og alt som høvde så vel med det som var sagt dei, og Simon og Anna Fanuelsdotter blei glade og lova Gud, elles vakte det nok inga stor oppsikt og æressalutt millom folket.

Kven han var og slekta han rann av, det slepp me å filosofera over, då det er greidt sagt oss av Guds eigen munn: «Den Heilage Ande skal koma yver deg, og krafta at den Høgste skal skyggja over deg, difor skal og det heilage som blir født kallast **Guds Son.** Jesus hadde ei menneskeleg mor, men Gud var hans far, og difor kalla han seg Guds Son og Menneskesonen. Skrifta seier klart at han var sann Gud og sant menneske, det vil seia at han var det einaste menneske på jord som var utan synd, heilagt, reint, utan flekk eller lyte, og som Gud hadde

behag i. På same tid var han Herren, Guds son frå evighet av, han som har skapt alle ting (Joh.1,1-fg.).

Korleis blei så han motteken? Det var ikkje rom at han i herbyrget, så han blei fødd i ein stall, sveipt i klutar og lagt på høy og strå i ei krubba. Han kom til sine eigne og hans eigne tok ikkje imot han, seier Skrifta. Motstanden mot han vakna tidleg, og blei årsak til at alle gutebarn under to år i Betlehem måtte lata livet. Slik blei hans inngong og slik blei han motteken her i verda. **Kvífor kom så Jesus Kristus til jorda?**

Han kom for å frelsa folket frå syndene deira. Han kom fordi Gud elskar verda, den falne og syndige menneskeætta, slik at dei ikkje skulle gå fortapt, men blei frelst ved han. Difor skulle han kallast Jesus, det einaste namnet som er gjeve millom menneske såleis at me skal bli frelseste ved det. Det er ikkje frelse i nokon annan(Ap.gj.4,12). Han var og er øvste-presten, millommannen, som skulde ordna vår frelse og redning med Gud i vår stad.

Han seier sjølv at han kom ikkje for å avlysa lova, **men for å oppfylla den.** Det som lova ikkje makta, på grunn av vårt kjøt som ikkje kunne og ikkje ville lyda Guds lov, det gjorde Gud då han sende sin eigen Son i syndig kjøts likning. Jesus oppfylte Guds lov, levde eitt full-kome liv etter Guds ord og lov som var Gud til behag, så Skrifta seier at han er

enden på lova, til rettferd for kvar den som trur. Det fortel at Jesus levde i vår stad, for oss, som Gud vitnar om Son sin at han har gjeve oss eit evig liv, og dette er i Son hans. Den som har Sonen, har livet, og den som ikkje har Sonen, han har ikkje livet.(1.Johs.5).

Gud seier at Synda si løn er døden, men Guds nådegåva er evig liv i Kristus Jesus, vår Herre, difor måtte Jesus døy på krossen for våre synder. Gud var i Kristus Jesus, og forlikte verda med seg sjølv, så han ikkje lenger tilreknar dei syndene. Jesus sona dei ved å gi sitt liv og sitt blod for oss, og vann oss ei evig utløysing. På Golgata viste Gud han fram i blodet hans, for å syna si rettferd, for å vera rettferdig og for å kunna gjera den rettferdig som trur på Jesus (Les Romarbrevets 3.kap.) På krossen gjorde han både jøde og heidning til eitt i Kristus, reiv ned gjerdet og slo fiendskapen ihel, det vil seia tok bort synda som sto millom oss og Gud, forsona den heilage og rettferdige Gud, så syndarar kan bli rettferdige og salirje ved trua på Jesus. Han gjorde fred, så Jesus er vår fred, og han forkynner fred for dei som er nær og for dei som yr langt borte (Efes.2.kap.) Finn fram Rom.3. og Efes.2, og les deg fri og salig, og du vil få ei velsigna julehelg du aldri gløymer.

Dette gjeld alle, kven du så er, for det står skrive i, Hebr.10-14 at med eitt einaste offer har han for alltid gjort dei fullkomne som vert helga, og i Rom.3,22 står det at Guds rettferd i Kristus Jesus er for alle og yver alle som trur. **For det finst ingen forskjell, alle har synda, og vert rettferdigjort ufortent av hans nåde ved utløysinga i Kristus Jesus.**

Dette betyr at Jesus kom for å frelsa deg, du som er ein tjuv ved å stela frå far og mor, frå besteforeldre, på butikken, eller ved å undra deg skatt eller vinne deg urett rikdom ved såkalla svarte peng-

ar, han kom også for å frelsa deg som har drepe ditt eige barn i mors liv, og deg som har late deg bruka til å utføra ein så skjendig gjerning i ly av ei ugudeleg lov frå ei gudlaus regjering og storting. Jesus elskar også deg og har gått i døden for deg som lever i hor, i såkalla papirlaust ekteskap, eller i lauslivnad på onnorvis, ligg under for alkohol eller narkotika, deg som lever i pengebegjær og havesjuka, missunning, hat og eit utilgivande sinn, for å nemna litt av overfloden av synd.

Kven du så er skal du vita at Jesus elskar deg slik at han forlet det å vera ein rik einearving heime hjå Gud, og kom ned her til fattige kår, til hat og ringeakt, til døden på krossen, for å frelsa deg og løysa deg ut frå synda si skuld og makt, for å gi deg fred med Gud i eit godt samvit, evig liv og barnekar og arverett hjå Gud.

Det er hart å leva i synda og tena synda, utan håp og utan Gud i verda og utan håp for evigheten. Du kan vel leva utan Jesus, men korleis skal du døy utan han? Eg vil be deg ikkje stå imot når han kallar deg, og bed deg koma til han med alt som tyngjer og synda som heng so fast ved deg, så skal du finna frelse og kvile for sjela. «Sjå; eg står for døra og bankar, og kvar som opnar døra, der vil eg gå inn og halda nattverd, eg med han og han med meg..»

Opnar du hjartedøra for Jesus og Ordet, slepper han inn med all sin nåde og gáve, vil du få ei velsigna julehelg, eit nytt liv og eitt nådens år frå Herren.

Med disse orda vil eg få takka alle lesarane av Lov og Evangelium for året som snart er til ende, og ynskja dykk alle ei fredfull og velsigna julehelg. Takk også til alle vener for gjestfrihet og åndeleg samfunn i året som snart er til ende.

Redaktøren

Bladet Lov og Evangelium

Bladet blir sendt til alle som sender eksp. namn og adr. Bladet blir halde oppen av frivillige gäver
 Eksp.: M. Skumsnes, Horneland 5400 Stord. Postgiro 5 42 88 75
 Alt som har med bladet sin eksp. blir sendt dit, som tinging, oppseining, adresseforandring og gäver till bladet

Red. Amund Lid, post 5600 Norheimsund. Tlf. (055) 51080

Norsk Luth. Lekmannsmisjon
 Form. Ragnar Opstad
 Opstadv. 38, 4350 Nærøbø

Tel. (04) 433685

Kass. Sverre Bohn, 6501 Norheim-sund

Postgiro 5 68 21 33. Bankgiro Vikøy Sparebank 3520.21.00932

S. Botnens Boktrykkeri, Stord

nye mennesker. Det hadde Sakkeus sett, og det hadde gjort intrykk på ham, og nå hadde han hørt at Jesus skulle komme forbi der hvor han var, og nå ville han se ham.

Det var ikke så lett å være toller i Israel, for det å være toller var det samme som å være landsviker. Alle tollere hadde gått i okupasjonsmakten tjeneste, og mange av dem beriket seg selv på sine landsmenns bekostning til fordel for fienden. Jeg vet ikke nettopp om Sakkeus var av de verste, det er vel grunn til å tro at han var av de bedre, men han var likevel en landsviker, og vi kan tenke oss hvordan han ble ansett av folk i Israel. Nå ville han som sagt se Jesus, og han hadde sine grunner for det. Men da han var liten av vekst, og det var veldig meget folk på stedet, var det ikke så lett å komme frem og få se Jesus, derfor kløv han opp i et morbertre, og da tenkte han å få et glimt av Jesus idet han gikk forbi der.

Da Jesus kom til stedet hendte noe aldeles uventet, han så opp, han sier til Sakkeus: Sakkeus, skynd deg og stig ned, for i dag skal jeg bli i ditt hus. Det betyr: Sakkeus, i dag vil jeg ta inn hos deg, jeg vil være hos deg. Og Sakkeus han steg ned, og han skynte seg også, står det, og han tok imot ham med glede. Dette var en uventet glede for Sakkeus.

Da folket så det begynte de å knurre, og de sier, han tok inn hos en syndig mann. Dette sier meget om Jesus. Sakkeus hadde ikke fått ordne opp noe som helst, han var midt i sitt syndliv, da kommer Jesus til ham, og det kan altså folk ikke forstå, men Jesus er slik. Han kommer til oss der vi er, der vi står fast, der vi har forbrutt oss, der vi står anklaget og dømt, og med rette, for vi har syndet. Der er det Jesus kommer til oss, der er det evangeliet møter oss også i dag. Det kommer akkurat der hvor menneskene vil si det overdige menneske har ikke fortjent å få høre om Guds nåde og frelse, nei nettopp det, evangeliet kommer til de mennesker som ikke har fortjent å få høre det, og Jesus kommer nettopp til dem som ikke har fortjent at han skulle

Han ville gjerne se Jesus

Av Øivind Andersen

Jeg takker deg Jesus fordi du er kommet for å frelse syndere, fordi du kommer til dem som har det ondt og trenger deg. Jeg ber i ditt navn at du også vil komme til oss, Jesus, gjennom ditt ord, la oss få se deg, og gjør det slik at du også blir tatt imot av dem som hører deg. Amen.

I Luk.19,5-6 leser vi: Da Jesus kom til stedet, så han opp og sa til ham: Sakkeus! skynd deg og stig ned! for i dag skal jeg bli i ditt hus. Og han skynte seg og steg ned, og tok imot ham med glede.

Sakkeus var en overtolder. Han hadde hørt meget om Jesus, og han hadde nok sett atskillig, alle tollere og syndere holt seg nær til Jesus, og Jesus tok imot dem, og mange av disse tollerne var blitt

komme til dem; det er denne historien om Sakkeus et levende bevis på.

Sakkeus tar imot Jesus med glede. Han er så glad at han sier umiddelbart at halvdelen av mitt gods gir jeg til de fattige, og har jeg presset penger ut av noen gir jeg ham det firdobbelig igjen. Det er ikke sikkert Sakkeus hadde gjort det, vi vet ikke om Sakkeus hadde presset penger ut av noen, men han sier om han hadde gjort det, om noen kunne påvise en urett hos Sakkeus, skulle han fire ganger betale det tilbake, og gjøre det med stor glede, og helt umiddelbart gir han halvparten av det han eier til de fattige. Du hører at det er en lykkelig mann som taler. Hva er det som gjør han så glad?

Jo, det svarer Jesus på, han sier til folket: i dag er frelse blitt dette hus til del. Det er i sannhet glede når Jesus kommer. Med Jesus kommer syndenes forlæstelse, med Jesus kommer at alt som vi har gjort og forbrukt blir ordnet opp, den som tar imot Jesus har ingen fortid, og det vil jeg gjerne at du skal merke deg du som hører dette. Du har kanskje en stygg fortid, og det er meget rusk hos deg, jeg vil gjerne at du skal høre at kommer Jesus til deg og tar hva du har forbrukt, alt hva du har syndet og gjort Gud imot, det er du frelst fra når Jesus kommer, frelst fra ditt liv, fra dine gjerninger, fra hele din fortid. Gud sier til alle som tar imot frelsen: Dine synder kommer jeg ikke ihu!

Hvor er de hen da? når Gud ikke kommer dem ihu, ja, hvor er de hen da? **De er borte.** Du kommer aldri mer til å bli spurt etter det. En eldre troende mann lå tor døden, og det spørsmålet kom til ham: Hvor er dine synder? Men han fikk svaret umiddelbart fra Herren: De eksisterer ikke mere, de fins ikke mere, jeg har tatt dem bort, jeg har glemt dem, jeg har skjult dem. Når vi ikke selv skjuler våre synder, men tvert om bekjenner dem, da blir de skjult, prøver vi selv skjule dem,

blir de åpenbaret, det nytter ikke å dra seg unna, og det nytter så visst ikke å prøve bortforklare noen ting, og aller minst nytter det å unskynde noen ting. Det kan være nokså forklarlig hvordan menneskene havner i synd, og psykologisk er det ganske lett å forklare hvordan menneskene er blitt som de er, men husk på at ingen psykologisk forklaring er noen unskyldning, og en forklaring må du aldri bruke som unskyldning. Du står for Guds ansikt dømt og ansvarlig for hva du har forbrutt, og det er ikke noe du kan gjøre for å redde deg ut fra det du har syndet og det du står skyldig overfor Gud. Der står du, og som sagt, du kan intet gjøre for å redde deg ut av det.

Men her kommer Jesus. Han kom for å frelse deg, og han har fullbragt soning for alle dine synder, og nå kommer han til deg i et budskap som han kom til Sakkeus og sa: Sakkeus, skynd deg og stig ned, for idag skal jeg bli i ditt hus, så er det nettopp det samme Jesus sier til oss gjennom evangeliet. I dag kommer jeg til deg, jeg har sonet dine synder og nå kommer jeg fordi alt jeg har gjort for deg skal bli deg til del, og derfor er det jeg taler til deg i dag. Jesus sier jeg skal bli også i ditt hus, og tar du imot Jesus, så har du det løfte for deg selv og for alle dine at frelse er blitt dette hus til del. Fra det øieblikk du mottar dette, har du ingen fortid, fra det øieblikk er din synd skjult, sier Guds ord. Salig er den hvis synd er skjult, hvis overtredelser er forlatt, salig er det menneske Herren ikke tilregner misgjerning. Jeg bekjente min synd for deg, jeg skjulte ikke min skyld, og du tok bort min synd, sier Guds ord.

Dette er Herrens budskap til deg i dag, dette kan du lære av Jesu møte med Sakkeus, slik møter han meg og deg i dag. Amen.

Avskrift etter lydband fra Den Lutherske timen i Norea Radio, med løyve fra Andersen og Norea, ved A.L.

Frelst ved hans liv

«For so sant me, då me var Guds fiendar, vart forlikte med han ved døden åt Son hans, so skal me no som me er forlikte, so mykje meir verta frelste ved hans liv»(Rom.5,10).

Det finst vel og i dag mange som spør i det stille: Korleis skal eg verta frelst? Kva skal til for å få eit godt samvit og fred med Gud? og liknande spørsmål. For deg som spør slik er det mykje viktig kvar du finn svar på slike avgjerande spørsmål.

Mange menneske seier det slik: Dette med frelse og livet som kjem får dei kristne stridast om. Livet er vanskeleg nok, om ein ikkje også skal ha dette å stridast med, vi vil ha fred.

Men Bibelen seier at ein dag vil alle menneske stå framfor frelse eller fortapping, ingen kjem utanom det. «Det er så laga at menneske lyt døy ein gong, og sidan kjem dom»(Hebr.9,27). «Difor, som den Heilage Ande seier: I dag om du høyrer hans røyst, so forherd ikkje hjarta dykkar -» Det er når Ordet lyder og Heilag Anden talar og overbevisar at menneske kan møta dom og frelse. Var det ikkje slik trong me ingen Bibel eller profetord.

Det var og er svert når profeten må tala til folket og seia: «Høyr og høyr, men håtta ikkje! Sjå og sjå, men skyna ikkje. Gjer hjarta på dette folket hart, gjer øyro døvhøyre og klin augo att, so det ikkje ser med augo eller høyrer med øyro eller skynar med hjarta, og vender om og vert lækt».(Esa.6,9-10)

Her ser vi korleis det går når folket ikkje ville lata seg leia av Guds ord til fred og frelse, men forherdar seg mot Gud og hans ord. Dei tenkte sine eigne tankar og gjekk sine eigne vegar. Det fekk ein dårleg ende den gongen, og gjer det same i dag, til eit hart, ulækt og forherda hjarta, så Gud til slutt sender ei kraftig vilfaring så dei trur løgna. Den skare som dette ordet høver på, den er stor også i vår tid. «All vår kunst og visdoms vei, all vår gjerning duger ei, Vil mann vei til himlen

vite da må verden ut av sinne», song dei gamle som gjekk vegen før oss.

Når Herren forkynner at vi blir frelst ved hans liv, skulle vitru at mange ville gjera bruk av det. Nei, både Skrifta og erfaringa viser noko ganske anna. Me ser av Skrifta at det måtte lys frå himlen til for å slå Paulus til jorda, før Gud kunne få frelsa han. Det blei forlite overfor Gud alt det gode han hadde gjort og ville vera. Alt hans eige kunne ikkje gjera han rettferdig for Gud. Skal me bli frelst må det sanne ljoset få skina inn i hjarta til dom og frelse, hjå kvar ein av oss menneske.

Den tida eg sjølv var ukjend med nådelivet i Jesus Kristus kunne eg ikkje skyna folk som ikkje fekk det til å tru. Ein gong tala eg med ein som sa at han ikkje fekk det til å tru. Eg spurde om han hadde bekjent si synd for Gud og ordna opp med menneske. Han svara at alt dette var ordna så langt som det gjekk an. Eg svara så at då var det berre å tru, for har du gjort alt dette så kan du skyna det er i orden hjå Gud. Den dagen fekk mi sjølvlagda tru til rettferd ein kraftig knekk, og eg lærde noko eg ikkje hadde skyna før, for han kom ikkje til trua. Først tenkte eg som så: Du lyt ta det alvorlegare med liv og lære, om du skal kunna hjelpe nokon fram til tru og frelse. Og i staden for eit steg opp, blei det eit steg lengre nedover. Den dagen kom også i mitt liv då eg måtte erkjenna: Du får det ikkje til. Eg leita i nytt og gamalt av synd mot Gud, og kava som ein druknande som ikkje kan symja, til det lydde eit fortapt, min munn tagna, eg var skuldig til døden, mitt liv var dødt og øydelagt.

Då var tida inne for Herrens Ande til å forkynna om ein annan sitt liv, ein som hadde levd eitt fullkome liv til mi frelse, ein som hadde bekjent all mi synd for Gud, sona og betalt all mi skuld for Gud med sine tårer og sitt eige dyre blod - Jesus Kristus. Kven kan tru og fatta dette - frelst av nåde ved hans offer og

hans liv for meg.

Eg kunne aldri forlika Gud, ikkje med anger, tårer, bøner eller gode gjerningar. Ljoset frå den Heilage forterte det alt saman. Å, for ein salig dag då det blei ropa frå krossen: «Det er fullbragt...!»

Kva var det som var fullført? Forliket med Gud, ved døden åt Son hans. Gud syner oss sin kjærleik med di Kristus døydde for oss mens vi endå var syndarar. Faderen måtte finna eit anna menneske som kunne opna den døra eg hadde stengt ved mi synd, og vantru. Difor måtte Guds eigen Son ta på seg den oppgåva å bli menneske, bli eit menneske som Gud kunne ha hugnad i, og som kunne ta synda vår bort ved å ofra sitt liv og blod på krossen.

For menneske sin tanke og fornuft er dette den store därskapen. Men for ein fortapt syndetrell som er under Guds dom, er dette ein frelsande bodskap, ei Guds kraft til frelse for kvar den som trur på Jesus. Ja, det er sjølve livet, freden, utløysinga og barnekåret. «Då tida var fullkommen sende Gud Son sin, fødd av ei kvinna, fødd under lova, so han skulle kjøpa dei frie som var under lova, so vi skulle få barneretten»(Galat.4,4). Å, for ein rikdom. Jesus har kjøpt barnerett for

kvar einaste menneske, same barnerett som Guds eigen Son hadde og har hjå Gud.

Kvífor er det så få menneske som vil ta imot og gjera seg bruk av denne barneretten? Det er berre ved han og hans liv vi kan bli frelst. Paulus talar om dette. Han var kjend på eigenrettferda sin veg som ingen annan, så legg øyra til det han seier, det gjeld både deg og meg. «Men eit naturleg menneske tek ikkje imot det som hører Guds Ande til, for det er han ein därskap, og han kan ikkje kjenna det, for det vert dømt åndeleg»(1.Kor.2,14). Vårt naturlege menneske set seg opp mot Ordet og Anden sin tale. Dette kallar Skrifta for vantru, som fører til døden. Så altfor mange går omkring i blinde, og ser berre gjerningane sin veg. Då leider du også andre inn på den veien.

Du soi i les dette, kva for ein veg går du på? Kva er ditt liv, din fred, di rettferd? «Takk, Fader, at du var så god mot Adams falne ætt! Du frelste oss ved Lammets blod og gav oss barnerett. Deg priser nå hvert ándedrag, hvert sukk og hjerteslag! Guds Lam, for all den kval du led, takk, takk i evighet».

Odd Dyrøy

Er eg ein kristen og lever eg som ein kristen ?

Truleg finst det fleire enn me trur som stiller seg sjølv dette spørsmålet, og lir og strir med det. Er du ein av dei, du som les dette, strøymde nok angstn og gjennom hjarta ditt når du las overskrifta. Når du ser på deg sjølv, og slik du kjenner det i dine følelser, synest du der er så mykke som vitnar imot at du er ein kristen og lever som ein kristen. Du kjenner på vondt tankar og lyster, kjenner deg uåndeleg, lid av mangel på alvor, er plaga av lettsinn, kjenner deg kald og überørt av Guds ord og andres nød o.s.v. Då melder det seg spørsmålet om du er ein kristen og lever som ein kristen.

Koleis er så ein rett kristen her i verda?

Bibelen fortel at ein kristen er ein person med dobbelnatur - two ulike naturar i ein og same person. Du har vel møtt slike menneske som har two ulike naturdrag som kjem til syne kvar sin gong. Dei har t.d. arva eit stolt og hardt gemytt frå far og ei mild og mjuk natur frå mor, og så kjem disse ulike naturdrag fram i ulike situasjonar og til ulike tider. På same måten har også eit Guds barn arva den syndige menneskelege natur og sinn frå sine jordiske foreldre ved fødselen, og fenge del i Guds natur og Jesu Kristi sinnelag ved den nye fødsel. (2.Pet

1,4). Så sant du er frelst og lever i trua på Jesus, har du både den jordiske sitt bilet og natur og den himmelske (Jesus) sitt bilet og natur.(1.Kor.15,47-49). Paulus vitnar i Rom.8,22-fg.: «For eg har mi gleda i Guds lov etter mitt indre menneske, men i lemene mine ser eg ei onnor lov, som strider mot lova i hugen min og gjer meg til ein fange under syndelova, den som er i lemene mine. Etter Skrifta ser me då at så lenge eit Guds barn er her i verda, i sin Jordiske lekam, er han både ein syndar og eit Guds barn, både urein og rein, både urettferdig og rettferdig, vond og god, alt etter kva du ser på. I ditt sinn og din medfødde natur finn du synd, ureinskap, urettferd, og alt anna vondt som høyrer synda til. Men di gjenfødde ånd og det sinn som lever i trua på Jesus, er reint og rettferdig, utan flekk og lyte, som Jesus er det. Den har si lyst i Guds lov, og kan ikkje synda for den er født av Gud, seier (1.Johs.3,9). Alt dette er du avdi du lever i Jesus, i trua på Jesus og hans verk for deg.

Er du ein kristen, så har du erfaring av denne din dobbelt-natur, at kjøtet står imot Anden og Anden imot kjøtet, at kjøtet trår etter det som høyrer kjøtet, synda og verda til og at Anden trår etter det som høyrer Anden og livet i Gud til. Når du ser og kjänner på synd, vond lyst, ureine og urettferdige tankar, lettsinn, mangel på alvor, kulde og liksesæla, ser alt mangelfullt og ugjort, då lid og syrgjer ditt nye menneske og gjenfødde ånd og lengtar og stundar etter å koma bort frå dette vonde og hungrar og lengtar etter det som er reint og rett.

Til andre tider når du får sjå inn i evangeliet, ser du kva Jesus er for deg og hjarta vert styrkt ved nåden, då misser det vonde si makt, og kjærleik, gleda og fred, langmod, godeleik og eit tilgivande sinn kjem inn i hjarta saman med Jesus og ordet om han.

Denne erfaring er ein ugjenfødd kristen - det vil seia ein som lever og bekjenner seg som ein kristen utan å vera fødd påny - iramand for. Er du av dei så forstår du ikkje dette om two naturar, du vil protestera mot og fornekta ei slik læra. Arsaka er då at du har ikkje meir enn ein natur, nemleg den menneskelege natur - som også kan kleda seg i kleda seg i kristeleg namn og dragt og vera med i kristen teneste.

Ein kristens forhold til lova

Apostelen sa: «**Eg har mi gleda i Guds lov, etter mitt indre menneske».**

Det finst dei som meiner dei elskar Gud, men hatar lova. Det let seg ikkje gjera, for Gud og lova dei er eitt. Den som hatar lova, han hatar også Gud, og den som elskar Gud, han elskar også lova. Nord-sletten syng: «Du lov, jeg har deg kjær, for Jesus deg oppfyllte, da han på korset her betalte det jeg skyldte».

Fo deg som ikkje er frelst så er lova domaren din, som alltid minner deg om syndene dine, at du er skuldig, om feila dine, om straffa og din fortapte tilstand. Lova kjem alltid med krav til deg som er over evne, seier at du må nå lenger, dømer det du gjer som udugleg. For deg er lova ein slavedrivar som aldri er fornøgd, og blir alltid frykta og hata. Det vil seia om du ikkje er så forblinda som farisæaren som trudde han oppfyllte lova. Det finst dei også i vår tid.

Men er du frelst, så elskar du lova avdi den lærde deg sanninga å kjenna, at du er skyldig, dømd og fortapt. Lova dreiv deg til Jesus, der du fekk sjå at Jesus kjøpte deg fri frå lova ved å oppfylla den i din stad, fri frå synda, skulda og domen. I Kristus Jesus er du ikke skuldig lova noko, der er inga fordøming for dei som er i Jesus Kristus. (Rom.8,1-fg.)

Dernest så er du samd med lova sin dom over det vonde som bur i deg. Lova er Andens reidskap til å visa deg synda som bur i deg, til å døma og døda det gamle menneske hjå deg, så du skal leva i nåden. Anden tuktar deg ved lova så du ikkje skal bli fordømd saman med verda.

For det tredje så er lova rettesnor for ditt nye menneske. Den viser deg korleis Gud er, og korleis han vil at hans barn skal vera og leva, viser Guds veg og vilje i det som møter deg i livet. Nokre er redd og vil forneka lova som rettesnor for ein kristen, for dei trur det vil føra til treldom, men det er ein fårelig avveg som er i strid med Skrifta. Gud gjer ikkje skilnad på folk, lova og Guds vilje er den same for alle. Det er berre den skilnad at Guds barn lever ikkje under lova sine krav, lova sin dom oglova si makt, for det har Jesus teke på seg og ordna i vår stad. Du har eit hjarta som er av sanninga og vil gjerne leva slik Gud vil, og det er årsaka til at du elskar lova også når ho tuktar og dømer deg. I lova er speglen der du ser ditt

naturlege andlet - det naturlege menneske - i forhold til Gud. Men i samvitet er du fri, for Jesus har teke skulda og domen bort, og du lever i han og han i deg.

Ein kristens liv

Det blir også tvosidig så lenge du bur i denne hytta - lekamen. Du lid under dette at kjøtet si lyst og kjøtet sin lengsel dreg ein veg, medan Anden og ditt nye menneskes lyst og lengsel dreg ein annan veg, så der alltid blir kamp og strid. Du syrger og er misnøgd med deg sjølv, men er glad i og fornøgd med Jesus. Du er fattig, du er ingen ting, kan ingen ting og maktar ingen ting i eller av deg sjølv, men vender du deg til Jesus og evangeliet så er du rik, då gjer du mange rike og då maktar du alt i han. Ser du på deg sjølv og dine kjensler, kjem du i tivil og frykt, men ser du hen til Jesus og ordet hans blir du frimodig i han og hans blod. Ser du på deg sjølv, må du seia med brura i Høgsongen: «Jeg er sort - men yndig» - svart i deg sjølv, men yndig i Jesus og i Guds augo. Og slik kan du sjølv halda fram, så vil du finna mange og ulike slektstrekks fra dine two fedre Adam og Jesus Kristus.

Den same kampen møter du også i ditt jordiske liv og gjerning i trua på Jesus. Møter du urett, vil ditt naturlege menneske bli sint og forsvare seg, tenkja på gjengjeld, medan det nye menneske lid, tilgjev og overlet det til Gud. Kven som vinn, anten kjøtet eller Anden, det avgjer

om du skal veksa i nåde og kjenskap til Jesus eller lida skade på nådelivet. Har du lova ein ting og det kjem noko i vegen som gjer det vanskeleg å halda, då seier kjøtet at det er nå ikkje så fårelig om du set det ut litt, men Anden og ditt nye menneske seier at det du har lova, det må du også halda. Kven pleie vinna hjå deg? Her trur eg dei gamle var komne lenger enn me som lever i dag. Då sat gjerne ein skomaker eller ei syerske opp til langt på natt, for å få ferdig det dei hadde lova til neste dag. Kom ihug ordet som seier: «Den som lever etter kjøtet skal døy, men den som døyder gjerningane og lekamen ved Anden, han skal leva»(Rom.8.kap.)

Guds ord forkynner: Til fridom har Kristus frigjort dykk, bruk berre ikkje fridomen til høve for kjøtet». Det lærer også at evangeliet frigjer samvitet frå døde gjerningar til å tena den levande Gud, så du ikke skal tena synda lenger, men stilla lemene fram til våpen for rettferda. Såleis lyt de og rekna dykk døde for synda, men levande for Gud i Kristus Jesus. Så lat då ikke synda få ráda i den døydelege lekamen dykkar så de lyder lystene hans! Bjod ikke heller lemene dykkar fram å synda til våpen for urettferda, men bjod dykk sjølve fram å Gud til våpen for rettferda. For synda skal ikke få ráda over dykk, **de er ikke under lova, men under nåden.** Rom.6,11-14.

Amund Lid

Under de signende hender

AV JOHS. BRANDZEG

Og Jesus førte dem ut mot Betania og oppløftet sine hender og velsignet dem
Luk. 24,50.

Herren hadde gitt Aron og hans sønner befaling om at de skulle løfte sine hender over folket og si: «Herren velsigne deg og bevare deg. Herren la sitt ansikt lyse over deg og være deg nådig. Herren løfte sitt åsyn på deg og gi deg fred.»

Når den gamle israelittiske menighet hadde vært samlet i Tabernaklet eller i Templets helligdom eller i de små syna-

goger, skulle de til slutt få stille seg inn under de signende hender. Under dem skulle de få leve. Der skulle de få gråte ut sin kvide, og der skulle de få fryde seg i sin lykke. Der skulle de få arbeide og hvile, leve og dø. Under de signende hender. Det var dere lykke.

Men størst var det for dem å se de signende hender på den store forsoningsdag. Når ypperstepresten hadde vært inne i det aller helligste og hadde brakt offerblodet til nådestolen for alt folkets synd, og så kom ut igjen av

helligdommen til den store ventende menighet og løftet sine hender over dem og velsignet dem, da var hele Israel glade. Da visste de at synden var sonet. Offeret var brakt og Gud hadde godkjent det. Nå kunne Israel gå glade hjem.

